

# Draumen om bjørnejakt vart verkeleg

Kjell Elvatun er einaste bjørnejegeren i Granvin for tida. HSD-matrosen håpar han kan fella ein grizzlybjørn neste gong.

Av SIGRID SEIM

Spesielt vanskeleg høyrast det ikkje ut, når Kjell Elvatun fortel. Det som skal til er ein sterk draum om bjørnejakt, ein viss sum pengar, og kontakt med eit reiseselskap som driv med jakt- og fiske-reiser. For hjørtejegeren i Granvin førte dette han over dammen til Vancouver i Canada og deretter til Prince George. Fire-fem biltimar herfrå ligg villmarksleiren, der det ventar enkle hytter, kokke og jaktguidar. Brunbjørnen ute i terrenget er lettest å jakta på i månadskeftet mai – juni, og det var då Kjell Elvatun og sju andre norske jegrar kom dette året.

— Kvar guide hadde med seg to jegrar, og det vart trekt lodd om kven av oss som skulle få jakta på den første bjørnen me trefte på. Deretter køyrde me ut, på skogsveg, heilt til me såg dyr.

Kjell Elvatun fekk bjørn i sikte alt første kvelden.

## Skaut ein hannbjørn

— Me såg han i vegen, og eg kunne følgja etter han då han gjekk ut i grøftekanten og til sides. Han stoppa opp ved eit tre berre 15 m frå meg, og reiste seg på bakføtene for å få betre oversikt. Eg hadde heldigvis vinda mot meg. Eg sikta på han, men hadde nokre greiner i vegen. Då han gjekk ned att på alle fire kunne eg skyta, og han datt med det same. Dette var ein vaksen hannbjørn på ca seks år.

— Korleis kjendest det?

— Eg var temmeleg nervøs før eg fekk skyta, men det gjekk ikkje opp for meg heilt med det same det var gjort. Men glad vart eg! Dei andre påsto dei høyrde eit skrik frå meg og



DRAUMEN: Bjørnehistoriane har alltid fascinert Kjell Elvatun. No har han si eiga historie å fortelja.

Privat foto

Alle som var med i denne jaktgruppa skaut bjørn, somme av dei også to.

— I «pakken» som me kjøpte var det kvote på eitt dyr til kvar. Ekstra løyve kunne kjøpast. Eg kunne tenkt meg å få ein skikkeleg storbjørn, og jakta på det. Me fann ein, men han lurte oss før me kom på skothald.

Etter jakta har han levert bjørneskinnet til bereding i Edmonton. Det vil verta nærare jol før jakttrofeet er å sjå i Granvin.

Kjell Elvatun har hatt draumen om bjørnejakt med seg i mange år. Han har segla i utanriksfart, og ideen tok form då han segla på kysten av Canada.

## Bestemte seg

— Etter at eg feira femtiårsdagen i fjor og hadde reflektert litt over livet mitt, kom det fram att. Då eg hadde bestemt meg for dette fann eg fram til eit firma, Mylla-Jakt, på internett. Dei kunne skilta med veldig gode resultat frå sine turar, såg eg.

Reisa vart bestilt, og seinare gjekk tida med sneglefart, syntest Kjell. Den 18 dagar lange turen gjennomførte han saman med sju andre jaktinteresserte og ein reiseleiari. Yngstemann var i underkant av 50 år, den eldste 73. Kostnaden ligg på rundt 30.000 kr for ei oppleving som dette.

Bjørnejakta går føre seg i

eit endelaust villmarksområde i British Columbia. Det er tidleg vårjakt som er aktuell, for elles vil vegetasjonen gjera det vanskeleg å sjå bjørnen.

## Fredeleg men farleg og

— Svartbjørn er kjent for å vera eit fredeleg dyr. Men likevel vart 3-4 skogplantarar kvart år drepane av bjørnen i denne staten. Det er binner med ungar og unge hannar som er dei farlegaste, kan Kjell Elvatun fortelja. Jegrane fekk klar melding om å vera på vakt.

— Me såg grizzlybjørn i området og. Og det er verkeleg farlege dyr.

Jaktopplevinga og naturen gjorde det heile til ein fan-

tastisk tur.

— Her fekk me oppleva villmark i endå større grad enn ein kan få her til lands. Me hadde eit område like stort som Holland å jakta på...

Det er nok endå vanskelegare å skyta ein flott kronhjort i Granvin enn å få bjørn i Canada, vedgår Kjell Elvatun.

— Det var ei behageleg jakt, men det skulle vera ferie og!

## På sightseeing

Reiselaget fekk også høve til å fiska, og drog opp røyr, ferskvassaure og noko mallefisk. Dessutan fekk dei oppleva storvilt av ulikt slag i fri utfolding – den store el-

gen (moose) og andre typar hjortedyr.

Etter seks effektive jakt dagar, var gjengen på rundtur som turistar, både i nasjonalpark og i kjøpesenter. I verdas største kjøpesenter, The Mall, var det sjølv sagt våpenforretninga som var mest interessant!

No drøymer bjørnejegeren om å få dra på grizzlyjakt i Canada, eller kanskje isbjørnjakt? Har ein nok pengar er også det mogeleg, saman med inuitane i Alaska.

— Det vert nok ikkje til neste år, for min del. Ikkje utan at eg får ein solid sjekk frå Hamar!